

# Innkalling til instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 18. oktober 2023, kl. 12.15

**Stad:** Rom 216, HF-bygget

### **Desse er kalla inn:**

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Kari Soriano Salkjelsvik.

Frå gruppe B: Emil Julien Stautland Perron

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D:

*Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.*

### **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 20. september 2023**

Referatet vart sendt ut med e-post 22. september, og det har ikkje kome merknader.

### **Sak 3 – orienteringssaker**

- A) Framdrift i studieporteføljeprojektet
- B) Nye studentrepresentantar i instituttrådet

### **Sak 4 – Utlysing av stipendiatstillingar ved instituttet**

Instituttleiinga ber om innspel frå Instituttrådet på modell for utlysing av rekrutteringsstillingar i 2024. Sjå vedlegg.

### **Sak 5 - Støtte til forskning ved IF**

I samband med førebuinga til budsjett for IF for 2024 ber instituttleiinga om instituttrådet sine vurderingar når det gjeld støtte til forskning ved instituttet. Sjå vedlegg.

### **Sak 6 – Justering av retningslinjene for programstyra ved instituttet**

Sjå vedlegg.

*Framlegg til vedtak om representasjon i programstyret: Det noverande punktet i retningslinjene om representasjon i styret for lektorprogrammet blir endra til: «Programstyret i lektorutdanninga har 9 fast vitenskapleg tilsette. Dette inkluderer alle dei 7 fast tilsette fagdidaktikarane på engelsk, fransk, spansk og tysk – og i tillegg to representantar for disiplinfaga (ein frå engelsk og ein frå dei andre tre faga), utpeikte av instituttleiar. I tillegg har programstyret med tre studentrepresentantar».*

*Om retningslinjene for programstyret for lektorprogrammet «Det nye programstyret for lektorprogrammet i framandspråk følgjer opp evaluering og kvalitetssikring av og vedtek studieplanen for lektorprogrammet og emneplanar for tverrfaglege tilbod som er tilbodne som ein del av lektorprogrammet.»*

*Om retningslinjene For UUI «Utvalet følgjer m.a. opp evaluering og kvalitetssikring av undervisninga, og vedtek studie- og emneplanar for tverrfaglege tilbod, unntatt dei tverrfaglege tilbod som programstyret for lektorprogrammet har ansvar for.»*

## **Sak 7- ymse**

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

## Notat – ny utlysing av rekrutteringsstillingar

Instituttleiar ønskjer å diskutere innrettinga av neste runde med utlysingar av rekrutteringsstillingar med institutttrådet.

### Bakgrunn

Institutttrådet diskuterte i september 2022 innrettinga på utlysing av rekrutteringsstillingar. Det var då semje om å knytte desse stillingane til forskargrupper ved instituttet, som eit ledd i instituttet og fakultetet si satsing på forskargrupper. Ved IF var det hausten 2022 sju forskargrupper som søkte på midlar frå fakultetet. Ei av desse forskargruppene – Litteratur og religion – fekk tilslag på støtte frå fakultetet, dei attverande fekk støtte frå instituttet. I tillegg til eit tilskot på 150 000 frå fakultetet årleg fekk Litteratur og religion høve til å lyse ut ei postdoktor-stilling. Dei andre forskargruppene fekk 15 000 frå IF for 2023 og vart inkluderte i ei utlysing av to phd-stillingar og ei postdoktorstilling.

Rekrutteringsprosessane vart gjennomførte i perioden februar-juni 2023. Til postdokstillinga på Litteratur og religion kom det inn 29 søknadar, til postdokstillinga på dei andre forskargruppene kom det òg 29 søknadar. Til dei to ph.d.-stillingane kom det 38 søknadar. Til kvar av utlysingane vart det intervjuar fire kandidatar.

Målet var å ha alle fire på plass til 1. august, men det var tidleg klart at det var urealistisk. Den første postdoktoren, Elin Danielsen Huckerby, starta i si stilling innanfor forskargruppa Estetiske førestillingar 1. september. Postdoktoren på Litteratur og religion, Emily Kesling, starta 1. oktober. Emil Perron startar i ph.d.-stilling på forskargruppa Lingclim 1. november. Den andre ph.d.-stipendiaten, Khalil Hammoudi, treng arbeidsløyve, så det er enno litt uklart når han kan starte i si ph.d.-stilling knytt til Estetiske førestillingar. Per no er tentativ oppstartsdato 1. desember.

Instituttet er inne i ein god periode når det gjeld avslutting av ph.d.-prosjekt. Vi har gjennomført tre disputasar i 2023, ein meir enn i 2022, og vi har to avhandlingar til vurdering. I tillegg er det to postdoktorar som har avslutta sine prosjekt på IF i 2023, Ida Vikøren Andersen og Julia Marinaccio. Det er svært positivt å sjå at begge gikk rett over i faste stillingar.

### Stipendiatheimlane

Saman med tilsettingar i faste stillingar er stipendiatstillingane er dei viktigaste faglege prioriteringane vi gjer på instituttet. Samanlikna med tilsettingar i faste stillingar, som skjer med utgangspunkt i bemanningsplanen, har vi større fagleg handlingsrom når det gjeld stipendiatutlysingane. Det gjer at vi kan nytte dei til å gjere faglege prioriteringar raskare og med kortare tidshorisont.

### Alternativ 1 – utlysing knytt til forskargrupper

Det siste året har vi sett ei mobilisering av forskargruppene på instituttet, først i samband med utlysing av midlar frå fakultetet og oppfølginga med tilskot frå instituttet, deretter gjennom utlysing av stillingar

knytte til forskargruppene. Dette alternativet inneberer at forskargrupper ved instituttet kan søke om utlysning av rekrutteringsstillingar.

Det viktigaste argumentet for ei slik kopling er fagleg, forskargruppene fungerer som ei viktig fagleg ramme for stipendiatane sine prosjekt. Instituttet er forplikta av forskrifta for ph.d.-graden ved UiB til å sikre at kandidaten deltar i eit aktivt forskingsmiljø.

I tillegg kan rekrutteringsstillingar vere viktige bidrag til aktiviteten i forskargruppene. Dette er noko vi har mange gode døme på ved IF.

Ein variant av dette alternativet er å opne opp for at både forskargrupper og fagmiljø kan søke instituttleiinga om utlysning av rekrutteringsstillingar. Ei slik ordning kan opne for at fagmiljø som ikkje er representert med noko forskargruppe kan verte inkludert.

### Alternativ 2 – open utlysing

Eit anna alternativ er å lyse ut heilt opent, utan noko form for fagleg prioritering. Dette fungerte godt i 2022. Den gongen fekk vi inn gode søknadar og vi fekk tilsett eit kull med lovande stipendiatar som no er godt i gang med sine prosjekt.

Samstundes må vi vere medvitne om at det går føre seg diskusjonar om fordelinga av desse stipendiatheimlar på fakultetsnivå. Kor mange skal institutta få råde over sjølve og kor mange skal fakultetet ha kontroll på? I denne diskusjonen følgjer fakultetet tett med på korleis heimlane vert nytta på instituttnivå. Det er ei tydeleg forventning om at heimlane vert nytta strategisk og tydelege signal om at ein utstrekt bruk av opne utlysingar ikkje vert oppfatta som ei strategisk tilnærming.

### Alternativ 3 – andre framlegg?

Instituttleiar er open for at det kan finnast andre alternativ for desse utlysingane og vil gjerne ha innspel på det.

### Sentrale spørsmål

I vurderinga av alternativa ber instituttleiar instituttrådet òg om å ta stilling til følgjende problemstillingar:

- Kva skal vere tilhøvet mellom ph.d.- og postdoktorstillingar?
- Skal vi halde på kravet om at søkjarane skal ha etablert kontakt med rettleiar/mentor?

### Tilråding

Instituttleiar si tilråding er alternativ 1, å knytte neste utlysning av stipendiatstillingar til forskargrupper ved instituttet. Dette vil både styrke forskargruppene og sikre at stipendiatane sine prosjekt er forankra i aktive forskingsmiljø. Samstundes er instituttleiar open for at det kan finnest omsyn som ikkje er tatt med her og ser difor fram til innspel frå instituttrådet.

## Støtte til forskning ved IF

I samband med førebuingane til budsjett for 2024 ber instituttleiinga om Instituttrådet sine innspel på innrettinga for støtte over instituttet sitt budsjett til forskning ved IF.

### Bakgrunn

I 2023 kan støtta til forskning over IF sitt budsjett delast opp i tre delar:

- 1) Individuelle driftsmidlar. Kvar fast tilsette i vitenskaplege stillingar har 3 000 NOK årleg dei kan nytte til bokkjøp, reiser eller tilsvarande. Tilsette i rekrutteringsstillingar har eigne satsar som i sum er høgare enn dette. Den faglege leiargruppa ved instituttet (instituttleiar, samt forskings- og undervisningskoordinator har høgare satsar). Dette utgjer samla ca 330 000 NOK i 2023.
- 2) Søknadsbasert ordning. I desember 2022 vart det lyst ut midlar til forskingsrelaterte aktivitetar og tildelt i overkant 400 000 til slike føremål. Denne ordninga er i utgangspunktet retta mot fast vitenskapleg tilsette og vart i 2023 gitt på vilkår om at dei som fekk midlar søkte andre ordningar om støtte.
- 3) Forskargrupper. I 2023 vart det løyva 15 000 per forskargruppe til forskargrupper som søkte på, men ikkje fekk tilslag på midlar frå fakultetet. Det gjaldt seks forskargrupper, tilsaman 90 000 NOK.

Samla er det altså snakk om ca 820 000 NOK for 2023, dersom alle pengane vert nytta.

I 2023 såg vi dessutan at vi kunne løyve litt ekstra på slutten av året til forskning- eller undervisningsformål, som eit resultat av at prognosane viser eit overskot på regnskapet for 2023.

### Spørsmål til diskusjon

- Skal vi halde fram med desse ordningane slik dei er i dag?
- Er det grunnlag for å endre satsane?
- Skal vi vidareføre støtte til forskargruppene?
- Skal vi setje av ein pott til søknadar gjennom året?

## **Sak 6 – Justering av retningslinjene for programstyra ved instituttet**

**Instituttrådet 18. oktober 2023**

**Institutt for framandspråk**

**Universitetet i Bergen**

### **Justeringar i retningslinjene for programstyra ved instituttet**

Instituttrådet gjorde 20. september endringar i retningslinjene for programstyra ved instituttet, slik at det nye styret for lektorprogrammet vart integrert i retningslinjene. Retningslinjene skal evaluerast hausten 2024.

På det første møtet i programstyret (4. oktober 2023) kom det opp eit punkt der retningslinjene etter instituttleiinga si meining bør justerast allereie no, nemleg spørsmålet om representasjon. I tillegg bør mandatet for programstyret og UUI samkjørast.

#### **Representasjon**

Per i dag sit det ni personar i programstyret for lektorprogrammet, dvs. sju fagdidaktikarar frå faga som er med i lektorprogrammet, og to studentrepresentantar. Instituttleiinga støttar tilbakemeldinga frå programstyret om at dette bør utvidast med to vitskapleg tilsette frå disiplinfaga fordelt med ein frå engelsk og ein frå eitt av faga fransk/spansk/tysk. Ei slik endring er rimeleg når om lag 80 prosent av emna i lektorprogrammet er disiplinfagemne, og det vil òg styrka informasjonsflyten mellom programstyret for lektorprogrammet og resten av fagmiljøa ved dei involverte faga.

Utvidar ein talet på vitskapleg tilsette i programstyret, må det inn ein student til for å oppfylle kravet om 20 prosents studentrepresentasjon.

Noverande formulering i retningslinjene for programstyra ved IF er slik: «Programstyret for lektorutdanninga har 7 fast vitskapleg tilsette og 2 studentar (dei vitskapleg tilsette er fagdidaktikarar i fast stilling på engelsk, fransk, spansk og tysk)».

*Framlegg: Det noverande punktet i retningslinjene om representasjon i styret for lektorprogrammet blir endra til: «Programstyret for lektorutdanninga har 9 fast vitskapleg tilsette medlemar. Dette inkluderer alle dei 7 fast tilsette fagdidaktikarane på engelsk, fransk, spansk og tysk – og i tillegg to representantar for disiplinfaga (ein frå engelsk og ein frå dei andre tre faga), utpeikte av instituttleiar. I tillegg har programstyret med tre studentrepresentantar».*

#### **Kompetanse**

I retningslinjene for UUI ved instituttet står det at «Utvalet følgjer m.a. opp evaluering og kvalitetssikring av undervisninga, og vedtek studie- og emneplanar for tverrfaglege tilbod». Dette inneberer at vi har ei konflikt med føresetnadane for nytt programstyre for lektorordninga slik dette vart oppretta i Instituttrådet 20. september i år. «Lektorprogramstyret skal ifølgje retningslinjene ikkje vedta emne- og studieplanar. Men her blir det nye fellesemnet i femte semester av lektorprogrammet eit unntak: Det nye programstyret for lektorprogrammet skal vedta emneplanen for dette fellesemnet.»

Instituttleiinga ser at det er naudsynt å gjere tilpassingar i retningslinene for UUI og programstyret for lektorprogrammet.

Arbeidet i det nye programstyret for lektor bør tillempast desse eksisterande retningslinjene. Tverrfaglege emne ved instituttet, inkludert tverrfaglege emne på lektorprogrammet, skal derfor vedtakast i UUI. Det same gjeld for sjølve den overordna studieplanen for lektorprogrammet.

*Framlegg til vedtak:*

*For programstyret for lektorprogrammet «Det nye programstyret for lektorprogrammet i framandspråk følgjer opp evaluering og kvalitetssikring av og vedtek studieplanen for lektorprogrammet og emneplanar for tverrfaglege tilbod som berre er tilbodne som ein del av lektorprogrammet.»*

*For UUI «Utvalet følgjer m.a. opp evaluering og kvalitetssikring av undervisninga, og vedtek studie- og emneplanar for tverrfaglege tilbod, unntatt dei tverrfaglege tilbod som programstyret for lektorprogrammet har ansvar for.»*

# Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

**Møtedato:** onsdag 20. september 2023

## **Til stades:**

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Lene M. Johannessen, Øyvind Gjerstad, Huiwen Zhang og Martin Paulsen

Frå gruppe B: Kristine Seljemoen

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Sara Karoline Mørland.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

Sidan det ikkje var valt nye studentrepresentantar for 2023/2024 i tide før møtet, var studentrepresentantane frå våren 2023 kalla inn.

## **Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 31. mai 2023**

Godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

A. oppfølging av bemanningsplanen for vitskaplege stillingar ved HF: Fakultetet vedtok ny bemanningsplan før sommaren, og IF har fått klarsignal om å lysa ut ei fast stilling i britisk litteratur og ei fast stilling i engelsk lingvistikk. Utlysinga i lingvistikk kan utvidast slik at vi får tilsetja to faste stillingar basert på same utlysingsteksten dersom vi får klarsignal frå fakultetsstyret seinare i år. Fransk og russisk misser stillingar etter at Fløttum er gått av og etter at dei to russiske sendelektorane går av. Her kom det endringar i sjølve fakultetsstyremøtet, som sikra litt ekstra undervisningsressursar til russisk og fransk i ein overgangsfase. Vi kan derfor tilsetja i attåtstillingar (bistillingar) på fransk fram til sommaren 2026. På russisk må koma tilbake med meir konkrete opplegg. Det er likevel viktig at ekstraløyingane ikkje fører til at vi byggjer opp undervisningsbehovet på desse



faga, og på fransk vil det bli prioritert å laga digitalt undervisningsmaterieil ved hjelp av ekstraressursen.

B. arbeidsgruppe for studieprogramporteføljen ved fakultetet: Instituttleiar orienterte om bakgrunnen for saka og om arbeidsgruppa som er sett ned. Institutt- og senterleiarane ved HF er med i denne arbeidsgruppa. Arbeidet skal munna ut i ein rapport til fakultetsstyret i juni 2024. Instituttleiar ønskjer å orientera om denne saka på kvart instituttrådsmøte så lenge prosessen varer. Seljemoen spurde om kva for rekrutteringstiltak instituttet har sett i gang, og viste til at ho er med på eit slikt tiltak for spanskfaget. Lunde trekte fram at arbeidsgruppa kan utvida perspektivet litt og m.a. sjå på samfunnsrelevans og ikkje berre arbeidslivsrelevans. I tillegg minna ho om at nysatsingar òg kan vera aktuelt, ikkje berre forenkling og reduksjon i talet på program.

C. stillingar under utlysing og tilsetjing ved instituttet:

- IF har fått inn den sakkunnige rapporten for den utlyste stillinga i anvendt lingvistikkk på engelsk (kombinasjon stilling med undervisning både i lingvistikkk og fagdidaktikk).
- Det vil koma ei utlysing av ei førsteamanuensisstilling i arabisk i forlenginga av TMS-prosjektet leia av Eirik Hovden. Denne stillinga er delt likt mellom AHKR og IF. Tilsetjing frå 1. august 2024.
- IF har tilsett i fire rekrutteringsstillingar denne hausten: Emily Kesling og Elin Danielsen Huckerby som postdoktorar og Khalil Hammoudi og Emil Perron som ph.d.-stipendiatar. Alle fire er knytte til forskargrupper ved instituttet.
- Julia Marinaccio har sagt opp postdoktorstillinga hjå oss og teke imot ei stilling i Austerrike.
- Instituttleiar vil leggja fram ei diskusjonssak på neste instituttrådsmøte om korleis neste utlysing av rekrutteringsstillingar ved instituttet skal sjå ut.
- Det er sendt inn tre ulike MSCA-søknader frå instituttet (Haukås, Lunde, Miles).

A. redesign av lektorprogrammet: Det er vedteke ein ny modell for lektorprogrammet, og vi er no i ein fase der vi må tilpassa studieprogramma våre til denne modellen. Til 1. desember må vi ha gjort alle endringane som trengst i emneplanar og studieprogram. Instituttet er m.a. i gang med å utvikla eit nytt fellesemne til femte semester av lektorutdanninga. I tillegg blir det gjort endringar i didaktikkemne på fransk, tysk og spansk. På desse faga er det få lektorstudentar, og instituttet vil slå saman delar av undervisninga for å sikra eit betre læringsmiljø og for å spara ressursar.

B. Nasjonale prøvar i engelsk: På grunn av dei økonomiske rammene, må vi seia opp (delar av) stillingar når NPE går over i ein ny prosjektperiode frå årsskiftet. Tre av dei noverande stillingane vil bli reduserte. Instituttleiar orienterte om dialogen med medarbeidarane og arbeidet for å freiste å finne andre stillingar til dei på UiB.

#### **Sak 4 – status for instituttøkonomien september 2023**

Uthaug orienterte om instituttøkonomien ved inngangen til siste kvartal. Instituttet har i 2023 fått store ekstraintekter i form av gevinstar frå avslutta prosjekt, og vi har i tillegg fått ekstra løns- og priskompensasjon. Vi reknar med å avslutta driftsbudsjettet med eit overskot ved årsskiftet, og sannsynlegvis eit overskot som er større enn det vi får overført til 2024. Instituttet reknar òg med å ha ein grei økonomi i 2024 og 2025 p.g.a. overskot frå ulike prosjekt, men deretter må vi rekna med magrare år for driftsbudsjettet. Det tyder m.a. at vi etter kvart må redusera den store porteføljen vi har bygd opp av attåtstillingar (20-prosentstillingar).

Instituttleiinga har prioritert stipendiatane gjennom ei samling på Solstrand hausten 2023. Lunde foreslo at leiinga sender ut ein e-post om at det er midlar til ulike tiltak no på slutten av året, slik at folk kan melde inn behov. I arbeidet med 2024-budsjettet vil instituttleiinga vurdere om det er fornuftig å utvida satsen på 3000 kroner per person til bokpengar (driftsmidlar), og om det kan setjast av meir pengar til forskargruppene ved instituttet.

#### **Sak 5 – oppretting av nytt programstyre ved instituttet**

Saman med innkallinga vart det sendt ut eit utkast til reviderte retningslinjer for programstyra, der det er inkludert eit nytt *Programstyre for lektorprogrammet ved IF*. Møtet diskuterte om det burde vera fleire medlemar i det nye lektorprogramstyret, t.d. fagkoordinatorane for dei involverte faga. Berg Henjum syntest det var tungrodd med eit eige programstyre for lektorutdanninga, og frykta at prosessane med å endra emneplanar o.a. ville ta endå lenger tid enn før.

Lektorprogramstyret skal ifølgje retningslinjene ikkje vedta emne- og studieplanar. Men her blir det nye fellesemnet i femte semester av lektorprogrammet eit unntak: Det nye programstyret for lektorprogrammet skal vedta emneplanen for dette fellesemnet.

*Vedtak (7 mot 1 røyst): Instituttrådet opprettar eit eige programstyre for lektorutdanninga ved instituttet og godkjenner dei justerte retningslinjene for programstyra. Ordninga med det nye*

*programstyret blir evaluert av instituttrådet og av programstyra på dei involverte faga hausten 2024.*

Zhang gjekk før vedtaket i sak 5.

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef